



**Etter fullt hus under skaldyrkvelden i går ligg det i dag an til ein ny tettpakka kveld på Systrene Nilsen. Det startar med quiz leda av Bjørn Sturle Hillestad (mannen med gravrøysta) og held fram med dans til levande musikk av ein verdsett britisk trubadur.**

**Leiinga håpar at det stillar opp fleire lag enn for ei veke sidan i quizen, for då kom det berre 5. Det startar klokka 19.30 og ein bør slå på tråden på førehand til 91 00 22 07.  
Kan nokon utfordra Nesjarane som no har inne 7 singlar av 9 moglege?**

Trubaduren Charles Breakspeare hadde fortent betre akustikk under sin første kveld på Systrene Nilsen enn han hadde i går kveld og natt. Han er allsidig med ein spesiell hang til det irske og har ein engasjerande måte å synga på og som i fjor er han eit velkomment innslag i sommarprogrammet i bygda. Då song han til og med oppgåvene i ein quiz.

Londonaren som bur på Jessheim er også ein flink dansemusikar som ikkje berre syng og spelar gitar, men også har komp. Også på laurdagskvelden skal han i aksjon.

Over er han fotografert på torsdagskvelden og under svingar folket seg etter å ha ete skaldyr.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

